

Om bruket

Bruket har eit totalt areal på 168 daa, derav 6,8 fulldyrka, 6,8 overflatedyrka og 5,7 daa innmarksbeite. Skogarealet er 109 daa og anna areal er 39,7.

Bygningsmassen er av eldre dato og bruket er ikkje i sjølvstendig drift. Administrasjonen kjenner ikkje til om jorda på bruket er leigd vekk.

Arealet ligg innanfor område sett av til landbruk-, natur og friluftsliv (LNF) i kommuneplanen, og krev difor dispensasjon frå plan og samtykke til deling etter jordlova § 12

Vurdering

Ved avgjerd av om samtykke til deling etter § 12 i jordlova skal gjevast skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein teneleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om deling fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føra til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under føremålet med jordlova.

Arealet er eit mindre tileggsareal til ei hyttetomt og vil ikkje føra til at det totale ressursgrunnlaget på gbnr 27/18 vert svekka. Delinga har soleis ikkje noko innverknad på bruksstrukturen i kommunen.

Vern av arealressursane er eit omsyn som føremålsparagrafen i jordlova legg vekt på, og ein bør unngå å ta i bruk dyrka eller dyrkbar jord til andre føremål enn jordbruk. Sjølv om det er lita eller inga drift på bruket i dag er det jorda sitt potensiale for framtidig drift som vert lagt til grunn for vurderingane.

Tilleggsarealet har ei uheldig plassering i høve til landbruksinteressene. Slik det er omsøkt vert det liggjande som ein satellitt i jordbruksarealet, og påverkar soleis høve til å driva areala rundt. Administrasjonen vil rå til at tilleggsarealet vert forskyve nordaustover, slik at arealet ikkje vert liggjande heilt inntil den fulldyrka jorda eller vert til hinder for at teigen som i dag står som open jorddekt fastmark (dyrkingsjord) kan takast i bruk som jordbruksareal. Dette vil ha mindre negativ innverknad på arrondering til jordbruksarealet enn plasseringa slik den er omsøkt, og dermed bidra til ei driftsmessig betre løysing for eventuell framtidig drift av desse areala. Dette vil og gje ei betre utforming på tomta som arealet skal leggjast til, då tilleggarealet vil få felles grense med tomten gbnr 27/68. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er påreknelig med miljømessige ulemper som følgje av delinga.

Omsyna som jordlova skal i vare ta vert i liten grad råka av den omsøkte delinga, og administrasjonen vil rå til at det vert gjeve samtykke til deling etter jordlova § 12 på vilkår av at arealet vert forskyve mot nordaust så langt det let seg gjera i høve til terrenget.